



## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2023/11-14

Saksbehandlar: Frode Damstuen

### Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2023/8	25.08.23	Regionstyret for Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal
2023/12	15.09.2023	Regionstyret for Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal

### Viljeserklæring og håndbok for interkommunalt samarbeid (INSAM) - organisering og finansiering

#### Vedlegg

- 1 Håndbok interkommunalt samarbeid versjon 01092023

#### Bakgrunn:

##### Vedtak - Regionstyret 05.05.23:

1. Regionstyret for IPR Nord-Gudbrandsdal ber kommunane om høyringsinnspel på Viljeserklæring og Handbok, samt organisering og finansiering av arbeidet. Høyringsfrist 10.08.23.
2. Ny behandling i Regionstyret 25.08.23 basert på høyringsinnspela. Saken blir etter dette sendt til kommunane for endeleg tilslutning. Sluttbehandling i IPR 15.09.23.

#### Utdrag frå vurderinga i saka som gjekk ut til høyring:

##### Organisering og finansiering:

*Universitetsregion-prosjektet blir avslutta i 2023. Erfaringane så langt er at kommunane ser god nytte av dette arbeidet. Dagleg leiar meiner at innovasjonsfokuset må vidareførast og forsterkast i regionen. Signala frå kommunedirektørane er at dette bør støttast og koordinerast av IPR.*

*Om ein tenkjer seg at oppgåvene med Innovasjon og fasilitering av Handbok for interkommunalt samarbeid kunne vore handtert av ein og same person, blir finansieringsbehovet på ei ny 100% stilling. Det er ikkje tenkjeleg at ein av dei tre faste tilsette i dag kan frigjerast/nyttast til dette arbeidet. Altså må det rekrutterast inn ein ny person. Det er varsla, men enno ikkje vedteke eit nedtrekk av partnerskapsmiddel frå fylkeskommunen til regionråda for 2024. Dette vil utløyse større endringar i finansieringbildet for IPR.*

*Ved etablering av ei ny stilling må ein rekne med ein bruttokostnad på om lag kr.1.000.000. Finansieringa av denne stillinga kan sikkert gjerest på fleire måter, men det krevst føreseielegheit over tid.*

*Alternativ 1 - finansiering:*

*100% finansiert av kommunane.*

*Økonomiske konsekvensar for kommunane blir ved "flat" fordeling omlag kr. 170.000 pr. kommune.*

*Allternativ 2:*

*50% frå regionale partnerskapsmiddel og 50% frå kommunane. Dette krev ei nedskalering av aktiviteten i nokre aktivitetsområde som er prioriterte i dag.*

### **Høyringsvar frå kommunane:**

#### **Vedtak Vågå kommune:**

1. Vågå kommune stiller seg bak oppmodinga om viljeserklæring og handbok, med følgande merknadar:

- Innhaldet i punkt. 11 i håndboka, som omfattar "Uenighetsbestemmelse". bør drøftast meir inngående.
- Vidare bør håndboka ha eige punkt som tek for seg framtidige forpliktingar kring pensjonskostnadar.

2. Vågå kommune foreslår at arbeidet blir finansiert jamfør alternativ 1. 100% finansiert av kommunane.

*Økonomiske konsekvensar for kommunane blir ved "flat" fordeling omlag kr. 170.000 pr. kommune.*

3. Viljeserklæring og handbok samt konsekvensar og finansiering av dette skal evaluerast innan utgangen av 2025.

#### **Vedtak Dovre kommune – PS 25/2023 Kommunestyret:**

Alternativ 1 - finansiering: 100% finansiert av kommunane.

Økonomiske konsekvensar for kommunane blir ved "flat" fordeling omlag kr. 170.000 pr. kommune.

#### **Vedtak Sel kommune:**

Sel kommunestyre ber Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal finne dekning for en eventuell stillingsressurs knyttet til oppfølgingsarbeidet "INSAM" ved omprioritering av oppgaver innenfor eksisterende ramme.

Sel kommunestyre gir følgende høringsinnspill til sak 2023/6 i Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal:

- Punkt 6 og 7 i Viljeserklæringen må tydeliggjøres slik at man sikrer lik tolkning av bestemmelsene i forhold til kostnadsfordelinger og beregning av tjenestekjøp

- Punkt 9 i Viljeserklæringen legger opp til en behandling i kommunestyrene hvert fjerde år, det bør foreligge retningslinjer for hva denne saken skal omhandle og innretning av saken slik at man sikrer likebehandling i medlemskommunene
- Punkt 11 i håndboken må tydeliggjøres når det gjelder frister for budsjettenighet slik at man unngår økonomiske eller ressursmessige forpliktelser i vertskommuner over lang tid.
- pensjon må inngås som en del av Handboka. Det må utredes og legges frem hvordan fordeling av pensjonskostnader kommunene i mellom kan løses.

#### **Vedtak Lom kommune:**

Kommunestyret sluttar seg til viljeserklæring og handbok for interkommunale samarbeid (INSAM) slik den er framlagt.

#### **Vedtak Lesja kommune:**

Nytt punkt 8.5 i håndboka:

8.5. Samarbeid og partnerskapsavtale med Innlandet fylkeskommune IPR må inneha en proaktiv rolle i partnerskapet med fylkeskommunen. Årshjul for samarbeidet er vedtatt av fylkestinget juni 2023 og skal sikre tidlig involvering av kommunene i viktige prosesser som angår disse. Viktige årlige milepeler er innspill til og påvirkning i arbeidet med:

- Budsjett og økonomiplan for Innlandet fylkeskommune
- Planstrategi
- Regionale planer
- Endringsprosesser for struktur på fylkeskommunale tjenester
- Høringsuttalelser til nasjonal politikk som sikrer kommunenes interesser og lokaldemokratiet.

Lesja kommune vel alternativ 1 - finansiering: 100% finansiert av kommunane.

#### **Vedtak Skjåk kommune:**

Skjåk kommune sluttar seg til Viljeserklæring og handbok for interkommunalt samarbeid (INSAM). Skjåk kommune tilrår alternativ 2 som finansieringsmodell, 50 % frå regionale midlar og 50% frå kommunane.

#### **Vurdering:**

Innspela frå kommunane syner at alle sluttar seg til "Viljeserklæring og Handbok for interkommunalt samarbeid" organisert gjennom IPR.

Vedrørende finansiering er det tre kommunar, Vågå, Dovre og Lesja som rår til finansieringsmodell 1 (100% finansiert av kommunane).

Skjåk rår til finansieringsmodell 2 (50% frå regionale partnerskapsmiddel og 50% frå kommunane). Sel rår til 100% finansiering innan IPR sin nåveande budsjetttrame ved omprioritering av oppgåver. Lom kommune har ikkje sagt noko om finansieringsmodellane.

Som dagleg leiar peikte på i saka vil det vera krevjande for IPR med finansieringsmodell 2 (50% frå regionale partnerskapsmiddel og 50% frå kommunane). Partnerskapsmidlane skal i utgangspunktet

ikkje nyttast til drift, slik at vi står att med driftstilskotet frå kommunane som er bunden opp mot løn og andre naudsynte kostnader. Dagleg leiar meiner likevel at IPR også bør strekkje seg langt for å løyse finansieringsutfordringa for denne stillinga. Med denne todelte stillinga for innovasjonsrådgjeving og fasilitering av interkommunale samarbeid vil IPR kunne bli ein enda viktigare partner for kommunane. Spørsmålet er om kommunane kan på nytt vurdere eit kompromiss der 75% kan finansierast frå kommunane og resterande 25% frå regionale midlar.

Om framdrifta:

I vedtaket frå regionstyret, 5.05.23 står det i pkt. 2:

*Ny behandling i Regionstyret 25.08.23 basert på høyringsinnspela. Saken blir etter dette sendt til kommunane for endeleg tilslutning. Sluttbehandling i IPR 15.09.23.*

Om regionstyret eksempelvis vel å sende saka tilbake til kommunane med forslag om eit kompromiss på finansieringsmodellen, når ein ikkje å slutthandsame saka den 15.09.23. Om ikkje alternativ 1 blir svaret på finansieringa meiner dagleg leiar at ein ikkje kan slutthandsame saka i representantskapet før budsjetthandsaming i representantskapet for 2024, og at fylkesbudsjettet er handsama med vedtak om partnerskapsmidlar.

Det er kommunane som vedtek å slutte seg til "Viljeserklæring og håndbok for interkommunalt samarbeid", samt kommunal finansiering/delfinansiering av stillinga.

Vedrørande organisering er dette delegert til dagleg leiar, gjeve at IPR har naudsynt rame.

Pkt. 7 i Delegeringsreglementet: *Delegering til dagleg leiar*

*Dagleg leiar er ansvarleg for dagleg drift av Regionrådet Nord-Gudbrandsdal. I dette ligger også rett og plikt til å vedta løpande organisering og bemanning av faste stillingar og av prosjektstillingar innanfor gjeldande budsjett.*

*Dagleg leiar har fullmakt til å utlyse stillingar, til å foreta tilsettingar, og til å gjere vedtak om advarsler, suspensjon, oppseiing og avskjed.*

### **Dagleg leiar si tilråding:**

1. Regionstyret ber kommunane handsame følgjande kompromissforslag:  
Finansiering av regional INSAM og innovasjonsrådgjevar i fast stilling blir fordelt med 75% frå kommunane og 25% frå IPR. Dette av ei totalrame på kr. 1.000.000, dvs kr. 125 000 flatt pr. kommune pr.år, og kr 250 000 frå IPR pr.år.
2. Frist for attendemelding innan 1.10.23

### **Behandling i Regionstyret 25.08.23:**

Nytt forslag til vedtak:

Innspel som er kome inn frå kommunane blir lagt inn i viljeserklæring og handbok for interkommunalt samarbeid (INSAM) før den kan sluttbehandlast

Saken blir teken opp att i ekstraordinært møte i Regionstyret 15.09.

Regionstyret kjem med ei komplett pakke som omhandlar både økonomi og viljeserklæring og håndbok for interkommunalt samarbeid, og saken blir sendt til ny behandling i kommunestyra.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

## **Vidare behandling i Regionstyret 15.09.23**

Under møte i kommunedirektørnettverket, 01.09.23 vart dei kommunale innspela gjennomgått og implementert i Viljeserklæring og Handbok for interkommunalt samarbeid, som ligg som vedlegg til saka. Fleire av innspela trong drøftingar for å koma fram til tydelege formuleringar, eksempelvis området for pensjon. Sel kommunestyre ba om retningslinjer for behandling av Viljeserklæringa. Dette er ivarett ved at dagleg leiar i IPR førebur ei saksutgreiing saman med kommunedirektørane kvart fjerde år.

Vågå kommunestyre ønskte at pkt.11 "Uenighetsbestemmelser" vart drøfta meir inngående, utan at det i vedtaket er peikt på eventuelle presiseringar. Det er nå lagt inn frist, 15. februar for å bli samde om eit budsjett. Viss semje ikkje blir oppnådd gjeld fjorårets budsjett justert med deflatoren.

Innspelet frå Lesja kommunestyre vart ikkje teke inn. Dette med bakgrunn i dagleg leiars kommentar under gjennomgangen av innspela i kommunedirektørnettverket:

*Viljeserklæringa og håndboka omhandler interkommunalt samarbeid i Nord-Gudbrandsdalen om tjenesteproduksjon og forvaltningsoppgaver. Samarbeidet mellom kommunene og fylkeskommunen – enkeltvis og samlet gjennom Interkommunalt politisk råd – er forankret og regulert gjennom partnerskapsavtaler IFK-enkeltkommune og egen avtale om IPR. Daglig leder ser derfor ikke at et eget punkt om samarbeidet med IFK er relevant og nødvendig som del av Håndboka.*

Dagleg leiar vel å oppretthalde innstillinga frå regionstyremøtet av 25.08.23, vedrørende finansieringsmodell.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

1. Regionstyret ber kommunane behandle følgjande kompromissforslag:  
Finansiering av regional INSAM- og innovasjonsrådgjevar i fast stilling blir fordelt med 75% frå kommunane og 25% frå IPR. Dette av ei totalrame på kr 1.000.000, dvs kr. 125 000 flatt pr. kommune pr. år, og kr 250 000 frå IPR pr. år
2. Regionstyret ber kommunane om å slutte seg til finansieringsmodell og revidert Viljeserklæring og Handbok for interkommunalt samarbeid, versjon av 01.09.23.
3. Evaluering av Insamordninga skal skje innan utgangen av 2025.
4. Frist for attendemelding innan 01.12.23

### **Behandling i Regionstyret 15.09.23:**

#### **Viljeserklæring:**

Pkt. 6

Etter spørsmål frå Eldri Siem før møtet om forståinga av setninga: "Det samme gjelder for fullmakter og ressursbruk", rådde dagleg leiar, saman med kommunedirektørrepresentanten, å ta ut setninga.

**Håndbok:**

Forslag til tillegg på pkt. 10.4., frå Eldri Siem, forlengelse til andre kulepunkt:

"Dersom samarbeidet leier andre lokaler i kommunale bygg faktureres dette samarbeidet etter faktiske husleiekostnader inkl. strøm, renhold, og eventuelt øvrige betalte tjenester."

**Vedtak i Regionstyret 15.09.23:**

Som dagleg leiar si innstilling, men med endring på "versjon fra 01.09.23 til 15.09.23" i pkt. 2.

Pkt. 4 endres til "Frist for attendemelding frå kommunestyra innan 01.12.23.

Ellers fatta regionstyret følgjande endringar/tillegg til Viljeserklæring og Håndbok:

Endringer i pkt. 6 i Viljeserklæring som forslag fra administrasjonen: Ta ut setninga "Det samme gjelder for fullmakter og ressursbruk."

Tillegg i Håndbok, pkt 4: "Dersom samarbeidet leier lokaler i andre kommunale bygg faktureres dette samarbeidet etter faktiske husleiekostnader, inkl. strøm, renhold, og eventuelle øvrige betalte tjenester."